

Årsmelding 2004



Frå Jaslengen, akvarell av Gro Bjørhei

Innhald	side
Fjellstyre	3
Medlemmer.....	3
Aktivitet.....	3
Fjelloppsyn	3
Tilsette	3
Aktivitet.....	3
Refusjon.....	3
Samarbeid – oppdrag.....	4
Stølsbruk	4
Stølar, beite og tilleggsjord.....	4
Kommuneplan	4
Arealdel av kommuneplan.....	4
Kommunedelplan for Vaset.....	4
Fiske	4
Sal av fiskekort	4
Registreringar.....	5
Statusoversikt for fiskevatna.....	5
Småviltjakt	7
Jaktkortsal	7
Forvaltning.....	7
Jaktstatistikk	8
Elgjakt	10
Administrasjon	10
Elgtrekk	10
Driftsplanarbeidet.....	10
Jaktstatistikk	10
Rådyrjakt	11
Jaktprøver	11
Tilskot	11
Tilskot frå fjellstyret:.....	11
Grunneigarfondet	11
Informasjon - tiltak for friluftsliv	12
Informasjon.....	12
Inatur - internettportal	12
Turkart	12
Tilrettelegging for friluftslivet	12
Rekruttering	12
Militære øvingar	12
Motorisert ferdsel i utmark	12
Økonomi	13
Generelt	13
Tomtefeste	13
Resultat	13
Eigenkapital	13
Vasetfondet	14
Vedlegg til årsmeldinga:	15
Resultatrekneskap	15
Balanse	17
Revisjonsmelding.....	19

Årsmelding 2004

Fjellstyre

Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning:

Leiar	Kjell Strand
Nestleiar	Kari Tyldum
Styremedlem	Hilde Berge
Styremedlem	Embrik Før
Styremedlem	Kjell Magne Snortheimsmoen

Aktivitet

Fjellstyret har hatt 7 ordinære styremøte, behandla 67 saker og vore på 1 befarung. I tillegg deltok representantar på landsmøtet i Norges fjellstyresamband, årsmøtet for fjellstyra i Oppland, årsmøtet for fiskeanlegget FOSA, møter om driftsplan for elg m.m.

Kjell Strand er representert i styret for Norges fjellstyresamband, styret for Fjellstyra i Oppland, styret for FOSA, driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre og i Regionalt oppsynsutval. Fjellstyreleiaren har i tillegg delteke på ulike møter og befaringar.

Fjelloppsyn

Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:

Fjelloppsyn I Harald Ranum i 100 % stilling.

Fjelloppsyn II Endre Hemsing i 60 % stilling.

Sesongoppsyn Elin Berger 1 måned

I tillegg er det leigd inn deltidshjelp i samband med tiltak for friluftslivet og fiskekulturarbeid.

Aktivitet

Fjelloppsynet har ein samansett funksjon som omfattar saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Administrasjon og saksbehandling for fjellstyret er viktigaste arbeidsoppgåve for fjelloppsynet. I feltarbeidet er informasjon og tilrettelegging prioriterte oppgåver.

Fjelloppsynet har representert fjellstyret i ulike samanhengar, m.a. har Endre Hemsing vore styremedlem i ”Prosjekt bedre bruk av regulerte vassdrag”.

Refusjon

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning. Refusjonsordninga er no slik at det er årleg godkjenning av budsjett på oppsynsutgifter avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Regelverket for tildeling av refusjon skal vurderast ut frå aktiviteten i allmenningane. Fjellstyret fekk kr 229.167 i refusjon frå staten. Dette er ein liten oppgang mot året før.

Samarbeid – oppdrag

Siste år hadde ein følgjande faste oppdragsgjevarar:

- Arbeid for Fjellstyra i Oppland settefiskanlegg (FOSA)
- Administrasjon av driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre kommune
- Oppsyn med motorisert ferdsel i utmark for Ulnes sameige
- Fjellopsyn for Vang fjellstyre i Eidsbugarden fjelleigedom

Det er i tillegg utført ein del kortvarige oppdrag for ulike oppdragsgjevarar.

Etter fjellopsyn II gjekk ned til 60 % stilling er det ikkje rom for å ta på seg så mykje oppdrag som tidlegare.

Inntektene ved utleige av tenester er kr 82.537,26 (2003: 82.537,26).

Stølsbruk

Stølar, beite og tilleggsjord

Fjellstyret har tilrådd utvisning av 30 daa kulturbeite til Viste 75/6 og Hagen 51/1 på Nørre Trøllhøvd. Søknad om 25 daa beite til Haugene 12/6, 13/6 og 11/10 på Soleikro er ikkje avgjort grunna klage frå stølsnabo. Fjellstyret har tilrådd søknad om 2,7 daa tilleggsareal til Enger 67/2 på Vaset.

Fjellstyret har avslege ein søknad om å omdisponer støl til fritidsbustad på Sørre Trøllhøvd. Fjellstyret har godkjent at eit tidlegare fritidsfeste på Nørre Trøllhøvd blir sletta og i staden inngår i stølsutvisninga.

Kommuneplan

Arealdel av kommuneplan

Ny kommuneplanen vart i 2003 vedteken med auka maksimalgrenser for hytter i statsallmenningen. Planen vart vedteken med vesentlege endringar utan ny høyring og fjellstyret klaga derfor over vedtaket. Deler av kommuneplanen var derfor ikkje rettskraftig og planen vart sendt ut til ny høyring i 2004. Fjellstyret sine merknader om at arealgrensene ikkje skulle endrast vart teke til følgje.

Kommunedelplan for Vaset

Kommunen har starta arbeidet med revidering av kommunedelplan for Vaset og fjellstyret har fått utkast til plan til uttale. Fjellstyret var i stor grad fornøgd med planutkastet, spesielt at kommunen hadde følgd fjellstyret si tilråding om vidareføre LNF-området vest i planområdet. Ein hadde likevel merknader til at næringsområde, veg og bustadfelt var lagt til stølsjorder. Fjellstyret hadde også merknader til at fri ferdsel måtte sikrast.


Fiske

Sal av fiskekort

Det vart selt 1226 stk fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande. Kortsalet gav ei bruttoinntekt på kr 150.008 (2003: kr 149.808). Fjellstyret har hatt utgifter til settefisk og kulturarbeidd på kr 88.064 (2003: kr 73.966). I tillegg kjem arbeidet fjellopsynet har gjort samt godtgjersle for innsamling av fangsstatistikk.

Sal av kort fordelt på korttypar:

Innanbygds								Utanbygds							
Enkeltkort				Familiekort				Enkeltkort				Familiekort			
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	Veke	År	1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	veke	år
4	2		40	1	1		24	379	208	55	184	106	53	32	137
46				26				826				328			
72								1154							
1226															



Registreringar


I samarbeid med fiskarane blir det gjort registreringar og anna kulturarbeid. Ein får på dette viset ein meir kontinuerleg overvaking av vatna og eit sikrere grunnlag å vurdere kultiveringstiltak på. Dette er kostnadssparande og styrkjer kontakten mellom forvaltninga og brukarane av vatna.


Statusoversikt for fiskevatna

Vatn	Antal utsett aure	Status for auren	% merka aure i fangst	Aktuelle tiltak framover
Rensenn 15 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst, litt mager fisk. Gode gyte- og oppveksttilhøve.		Prøvefiske Få inn fleire fiskeprøver
Grønsenn 87 prøver	600 1-årig Grønsenn	Særs god vekst og fin aure	45	Fylgje opp gytebekkane
Nestisvatn 5 prøver	300 1-årig Grønsenn	Særs god vekst. Framleis tynn bestand. Stor del merka aure.	80	Halde fram med opprydding i bekkane og registrere yngel.
Midtre Syndin 54 prøver	800 2-årig Grønsenn	Særs god og uthaldande vekst . Litt tynn bestand men ein del stor aure	48	Registrere yngel i bekkane.
Sørre Syndin 62 prøver	600 2-årig Grønsenn	God og uthaldande vekst. Tynn bestand men ein del stor aure. Auka utsettinga sist år	83	Fylgje med på rekrutteringa.

Vatn	Antal utsett aure	Status for auren	% merka aure i fangst	Aktuelle tiltak framover
Storfjorden 12 prøver	10 000 2-årig	God vekst. 45 % av all rapportert fisk er fanga i Storfjorden	50	Halde fram med registrering av merka aure i fangstane. Få inn fiskeprøver
Mosvatn 49 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst. Andel fisk med parasitt er minkande; 57 %	3	Vurdere tiltak i høve til parasittar
Halvorstølstj/n abotj. 7 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst. Auren må kjempe hardt for plassen sin i desse tjerna. Stabil aurebestand, middels kvalitet. Rapportar om ein del stor abbor		Auka uttak av abbor er ynskjeleg. Renske gytebekkar
Strøstjern 4 prøver		Tett abborbestand gjev auren harde vilkår, middels vekst	100	Fiske hardt på abbor.
Svult 4 prøver	100 1-årig Grønsenn	God vekst på auren God bestand. All fanga aure er merka.	100	Stabilisere bestand Tiltak i gytebekk
Skardstjern	50 1-årig	Har ikkje prøver frå dette vatnet 2004. Bestanden er i ferd med å ta seg opp.		Ørekytefangst Få inn prøver frå aure
Skruvletjern 13 prøver	Naturleg rekruttering	Middels god vekst, god bestand		Renske gytebekkar på nytt
Kringeltjern	100 1-årig	Særs god vekst, 23 cm på 3 år. Høg k-faktor og raud kjøtfarge. Det er ikkje ørekyte i vatnet	100	Halde vatnet reint for ørekyte.
Bjødnhøvdjtj.	100 1-årig	I 2005 er dei eldste fiskane 5 år og bør vera 500 g.		Halde vatnet reint for ørekyte. Få inn fiskeprøver
Langebergjtj. 1 prøve	100 1-årig	Svært god vekst. Auren har no nådd høveleg storleik.		Finne ut om det er ørekyte i vatnet. Få inn fleire fiskeprøver
Lomtjern	100 1-årig	Fiskerapportar tydar på tynn bestand.		Få inn prøver frå aure. Betre gytetilhøva.

Ut frå fangstrapportane har ein satt opp følgjande fangstoversikt for 2004:





Småviltjakt

Jaktkortsal

Jaktkortsalet gav ei inntekt på kr 292.778 (2003: kr 282.540).

Jaktkortsal									
innanbygds		utanbygds							
fritt kortsal		regulert sal			fritt kortsal				
U/hund	m/hund	u/hund		m/fuglehund	m/harehund	u/hund	m/fuglehund	m/harehund	
		1.p	2.p	1.p	2.p				
48	37	46	37	85	81				
85		83		166		60	93	68	78
		309			239			548	
633									

Forvaltning

Fugl:

Utover 90 talet gjekk bestanden og avskytinga av rype ned år for år. På bakgrunn av dette reduserte fjellstyret jaktpresset ved ulike tiltak. Talet på jaktkort vart redusert med 20 %, lirypa vart freda for alle korttypar etter 10 dagar, det vart innført dagkvote på 2 liryper og 2 fjellryper og jakt etter fjellrype vart avgrensa til å gjelde over skoggrensa på Bukono- og Gilafjellet. Etter initiativ frå jeger- og fiskarlaget vart jakttida for småvilt, utanom lirype, utvida til 15. desember. Tiltaka har redusert jaktpresset på rype samstundes som vi har kunne gi jegerane eit jakttilbod. Etter tusenårskiftet har rypebestanden auka att. Jaktresultatet i år viser ein liten nedgang i høve til i fjor. Stamma bør opp på eit høgare nivå før ein kan auke jaktpresset att.

Tidlegare meinte forskarane at jakt hadde liten innverknad på rypestamma. Nyare forskingsresultat tyder på at jakt likevel har stor innverknad, særleg i lett tilgjengeleg terreng. Dette vil stille større krav til forvaltninga av viltet i framtida, med betre tilpassa avskyting etter storleik på bestand. Sluttrapport frå "Rypeprosjektet" er ikkje lagt fram enno og fjellstyret vil vurdere ny forvaltningsmodell når denne blir lagt fram.

Hare:


Samanlikna med 80-talet har bestanden hatt den same nedgangen som rype. Ein har ikkje endra forvaltninga vesentleg dei siste åra, men jaktpresset har gått ned i takt med redusert

bestand. Jaktresultatet syner at bestanden er låg men likevel med auka felling i år i høve til dei siste åra.



Jaktstatistikk





Ut frå rapportane har ein berekna total felling til 507 ryper, 88 orrfugl og 94 harar. Tala for i fjor var 588, 71 og 64. Ein nedgang for rype og oppgang for orrfugl og hare. Etter gjennomgang av innleverte vengjeprøver var produksjon av lirype på 1,8 kjuklingar pr. vaksne par. Jaktstatistikken for mange år tilbake er usikker fordi svarprosenten har vore låg, spesielt for innanbygds. Det som gir det beste samanlikningsgrunnlaget er resultatet frå utanbygds jegerar i regulert periode og statistikken nedanfor er derfor berekna ut frå dette.

Kjuklingproduksjon



Frå 1997 har utanbygds jegerar i regulert periode også rapportert "sett vilt" av lirype, fjellrype, orrfugl og hare. Tal frå desse rapportane må ikkje lesast bokstavig, men dei gjev eit inntrykk av utviklinga av småviltstamma.





Elgjakt

Administrasjon

Administrasjon av elgjakta er no overført til fjellstyra, dette har tidlegare vore lagt til Statskog. Søknad om elgjakt og trekking av jaktfelte skjer på Inatur, nettportalen som bl.a. Norges fjellstyresamband er medeigar i. Kontraktarbeid og fakturering blir gjort av fjellstyret.

Elgjakta gav ei inntekt på kr 124.907,24 (2003: kr 115.810).

Elgtrekk

Fjellstyret kjøpte i 2001 inn elgtrekk for å redusere slitasje på terreng, samstundes gir dette elgjegerane eit godt tilbod. Dette ser ut til å fungere godt og er bra motteke av jegerane.

Utleige av elgtrekken gav ei inntekt på kr 2.250 (2003: kr 1800).

Driftsplanarbeidet

Alle grunneigarlaga i kommunen har frå 1997 samarbeidd om driftsplan. Ein er no inne i tredje planperiode og har gjort mange nyttige erfaringar slik at ein har betre kunnskap til å forvalte elgstamma i framtida. Også hjort og rådyr er med i driftsplan slik at det omfattar alt hjortevilt.


Elgstamma var i sterk vekst før ein starta med driftsplanarbeidet, og ein hadde som mål å redusere veksten i stamma. To år med rekordkvoter stoppa veksten og avskytinga var stabil i tre år. For to år sidan vart det ein liten nedgang medan det i år vart ein liten oppgang att. Målet er no å halde stamma på det nivå ein har i dag. Totalt kvote i kommunen var på 105 dyr.


Valhall

Vestre Slidre driftsplanlag for hjortevilt har vorte med i Valhall. Dette er eit regionsamarbeidet for elgforvaltning mellom 8 kommunar som ut frå dagens kunnskap dannar ein naturleg region for elgen. Det er fire Hallingdalskommunar; Flå, Nes, Gol og Hemsedal og fire Valdsreskommunar; Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang.

Det blir arrangert fellesmøter og felles gjennomgang av innsamla materiale med tilråding om avskytingsstrategi, men det er ikkje noko forpliktande samarbeid.

Jaktstatistikk





Rådyrjakt

Kortsalet er administrert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Det vart selt 8 rådyrkort, og ingen dyr vart felt. Kortsalet gav ei inntekt på kr 3.000 (2003: kr 1200).

Jaktprøver

Det vart arrangert både vinterprøve og haustprøve. Det var ingen merknader til avviklinga av prøvene. Prøvene gav ei inntekt på kr 9.425 (2003: kr 19270).

Tilskot

Tilskot frå fjellstyret:

Fjellstyret har brukt så store summar på tilskot og investeringar dei siste 2-3 åra at eigenkapitalen har vorte for liten til å drive gjennom året utan å låne pengar. Ein har derfor dei siste to åra måtte redusere tildeling av tilskot til veg og allmenntilgjengelige føremål. I året har fjellstyret gjeve kr 97.296 (2003: kr 127.167) i tilskot.

Fjellstyret har gjeve følgjande tilskot i 2004:

Omlegging av veg ved Rensenn	kr	75.000
Valdres forsøksring	kr	1.500
Fjelltur 9. klasse	kr	5.000
Skibuss	kr	2.000
Stølspost	kr	6.000
Rekrutteringstiltak, jegerprøvekurs	kr	2.296
Sum	kr	97.296

Grunneigarfondet

Festeinntektene frå statsallmenningen blir delt likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Privatpersonar, kommunar, organisasjonar og andre kan søkje om tilskot eller lån til tiltak i allmenningane eller som utnyttar resursar frå allmenningane. Det vart i 2002 utarbeidd utfyllande reglar for tildelinga av midlar frå Grunneigarfondet. Ved tildeling av tilskot vil det bli lagt stor vekt på utvikling av nye næringar. Etter fjellstyret sitt syn kan det reisast spørsmål om retningslinjene er i samsvar med fjellova, men vil avvente praktisering av regelverket før ein eventuelt tek opp saka til diskusjon.

Informasjon - tiltak for friluftsliv

Informasjon

Informasjon og tilrettelegging er eit prioritert arbeidsfelt for fjellstyret. Fjellstyret har internettsider (<http://www.fjellstyrene.no/vestre.slidre>) med informasjon om jakt, fiske og anna orientering om allmenningen. Frå 2003 er fjellstyrevedtak, årsmelding og offentleg ettersyn tilgjengeleg her. Internett har etter kvart vorte ei viktig informasjonskjelde og fjellstyret vil arbeide vidare for å betre sidene. Nettsidene vart lagt ut i ny versjon i år.

All tekst på informasjonstavlene vart skifta ut år. Statskog gav eit tilskot på kr 10.000 til arbeidet.

Inatur - internettportal

Internettportalen Inatur er eit felles satsingsområde for Norges Skogeierforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, Statskog og Norges fjellstyresamband. På portalen skal du kunne få informasjon og kjøpe tenester innan jakt, fiske, hytteutleige og kart.

Fjellstyret tilbyr jakt- og fiskekort på internett frå Inatur. Søknad og tildeling av elgjakt gjekk også gjennom Inatur.

Turkart

Turkart vart revidert og trykt opp på nytt i 2003. Fjellstyret har starta arbeidet med å omarbeide kartet for bruk på heimesida. Sal av kartet gav ei inntekt på kr 30.862,07 (2003: kr 87490,87).

Tilrettelegging for friluftslivet

Pga den økonomiske situasjonen til fjellstyret er det berre gjort mindre tilretteleggingstiltak for friluftslivet. Arbeidet med omlegging av veggen forbi badeplassen på Rensenn vart dyrare enn kalkulert. Fjellstyret har derfor vedteke å gi tilskot på kr 75.000 av ekstrakostnadane for tiltaket.

Rekruttering

Arbeidet med rekruttering av ungdomar til jakt, fiske og friluftsliv i samarbeid med skulen og jeger- og fiskarlaget er ført vidare. Det er gjennomført ein fiskedag for 6. klassane i Røn og Slidre, fiskedag ved Buaraåne i juli og fiskeutsetting saman med 9. klasse. Samarbeidsgruppa har ein 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Fjellstyret dekkar som tidlegare kostnadane til jegerprøven og gir gratis fiskekort for ungdom tom 20 år. Fjellstyret har også gjeve kr 5000 i tilskot til fjelltur for 9. klasse.

Militære øvingar

Vi har hatt allierte militære øvingar i Vestre Slidre statsallmenning i mange år, men aktiviteten har etter kvart vorte redusert og er no vedteken avvikla.

Motorisert ferdsel i utmark

Ulovleg bruk av snøskuter er framleis eit problem. Dette er ei utvikling som ikkje er spesiell for Vestre Slidre, men ser ut til å utvikle seg i fleire områder. Erfaring syner at miljøet blir tøffare og politiet tilsvarar fjelloppsynet å vera varsam med å drive slikt oppsyn aleine.

Det trengst større samarbeid både frå fjelloppsyn, politi, SNO og kommune for å få dette under kontroll. Frå Regionalt oppsynsutval er det ynskje om snøskuterkontroll over kommunegrensene mellom politi, SNO og fjelloppsynet. Fjellstyret har vedteke å stille

fjellopsynet til disposisjon for dette føremålet. Det vart i 2004 gjennomført ein fellesaksjon i Vestre Slidre og Vang. Representantar frå politi, Statens naturoppsyn og fjellopsynet i Øystre Slidre og Vestre Slidre deltok i aksjonen.

Økonomi

Generelt

Fjellstyret er eit frittståande organ både økonomiske og administrativt. Alle inntekter frå jakt og fiske i allmenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektene blir delt likt mellom fjellstyret og Grunneigarfondet (administrert av Landbruksdepartementet og delegert til Statskog). Fjellstyret får dessutan refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning direkte frå staten.


Tomtefeste

Stortinget vedtok i juni endringar i festeloven. Dette fører med seg at festarane kan løyse inn tomtene til ein pris som er 30 gonger årleg festeavgift, alternativt til 40 % av tomteverdi. Endringa gjer at inntektene til fjellstyret kan gå dramatisk ned. Vi kan miste meir enn halvparten av inntektene våre.

Overskot har vi i stor grad brukt til allmenntytige formål. Vi har laga rasteplassar, satt opp informasjonstavler, utedoar og gitt støtte til stølsveggar. Vi har rydda stigar og laga brygger slik at folk med funksjonshemningar kan bruke fjellvatna. Vi har drive rekrutteringsarbeid for ungdom Dette arbeidet kan vi ikkje prioritere når vi får slike dramatiske inntektskutt.

Resultat

Rekneskapet syner eit balanse på kr 110.896,47 (2003: kr -81.110).



Eigenkapital

Eigenkapitalen er den 31.12 kr 548.562,19 (2003: kr 438.163,72) inkludert varige driftsmidlar på kr 270.003 (2003: kr 200.003). Fri eigenkapital er kr 278.559,19 (2003: 238.160,72)

Eigenkapitalen er no så liten at vi må låne pengar til drift fram til inntektene kjem inn i siste halvdel av året. Fjellstyret må framleis bruke mindre til friluftstiltak og tilskot for å auke eigekapitalen. Ein stor del av festekontraktane har regulering i 2005 og vi kan forvente auke i festeinntektene neste år. Endringar i festeloven gjer likevel at fjellstyret sin økonomi er usikker for framtida.

Vasetfondet

Fjellstyret er tillagt administrasjon av Vasetfondet. Fondet skal kunne brukast til tiltak knytt til stølur i området ved Vaset. Fondet skal etter regelverket avviklast etter 20 år. Fjellstyret annonserte derfor etter tiltak som var aktuelle å finansiere frå fondet. Fjellstyret har motteke fire søknader om tilskot innan fastsett frist. Fjellstyret har gjeve tilsegn om tilskot der søkjarane får dekkja 40 % av kostnadsoverslaget på tiltaka. Tilskota vil bli utbetalt når tiltaka er gjennomført. Fondet vil bli avvikla når tilskota er utbetalt.

Rekneskap for Vasetfondet:

Eige 1.1.04	kr 178.286,00
Utbetalt tilskot	kr -75.000,00
<u>Eige 31.12.04</u>	<u>kr 178.286,00</u>

Årsmeldinga er vedteke i fjellstyresak 19/2005.

Vedlegg til årsmeldinga:

Resultatrekneskap

Kontonavn	Regnskap år 2004	Regnskap år 2003
Salgs- og driftsinntekt		
Rognsalg	-9 177,42	-9 000,00
Kartsalg avg. pliktig	-30 862,07	-87 490,87
Elgtrekk utleie	-2 250,00	-1 800,00
Elgjakt mva.pl.	-124 907,24	
Oppdrag utleige avg.pl	-21 713,74	-31 286,00
Varesalg /uttak av varer	-546,50	-3 977,65
Fellingsavgift elgjakt	-7 320,00	-115 810,00
Rådyrkort	-3 000,00	-1 200,00
Fiskekort utanbygds	-134 153,00	-145 900,00
Fiskekort innanbygds	-15 855,00	-23 460,00
Jaktkort utanb. regulert	-220 028,00	-213 930,01
Jaktkort utanb. uregulert	-48 600,00	-47 445,00
Jaktkort innanbygds	-24 150,00	-21 165,00
Jaktprøve	-9 425,00	-19 270,00
Oppsynstj. utleie avg.fri	-60 823,52	-57 269,48
Erstatning vassdragreg.	-8 185,00	-7 295,00
Tilskott	-10 000,00	10 000,00
Refusjon oppsynutg. stat	-229 164,00	-214 408,00
Ufakt. oppsyn & jaktkort	753,00	-753,00
Festeavgift	-508 437,00	-448 454,50
Salgs- og driftsinntekt	-1 467 844,49	-1 439 914,51
Varekostnad		
Kart kostnader		122 430,00
Lagerending kart	20 000,00	-52 000,00
Jaktkort kostnader		10 434,60
Fiskekort kostnader	16 802,00	
Varekostnad	36 802,00	80 864,60
Dekningsbidrag	-1 431 042,49	-1 359 049,91
Lønnskostnad		
Lønn til ansatte	429 263,80	457 471,38
Div tillegg fjelloppsyn	31 967,68	28 474,87
Lønn midlertidig tilsette	19 379,00	8 320,00
Lønn fjellstyremedlemmer	19 358,00	17 396,00
Feriepenger	57 745,27	50 498,00
Periodisert lønn & avg.	10 524,40	-10 524,40
Fri telefon	4 000,00	
Pensjon klp fri	60 628,00	45 034,00
Pensjon klp motkonto	-60 628,00	-45 034,00
Motkonto gruppe 52xx	-4 000,00	
Møtegodtgj. fjellstyre	55 200,00	25 730,00
Arbeidsgiveravgift	39 543,15	37 131,31
Arbeidsgiveravgift av påløp. Feriep.	3 667,85	3 155,69
Aga.pl. pensjonskost	60 628,00	45 034,00
Pensjon KLP e.kap. innsk. u.aga	1 226,00	
Refusjon av sykepenger	-27 388,00	
Refusjon av arbeidsgiveravgift	-1 753,00	

Yrkesskadeforsikring	2 718,00	2 709,00
Lønnskostnad	702 080,15	665 395,85
Driftskostn. og av- og nedskrivninger		
Avskriv. bygning/fast eie	11 435,00	10 450,00
Avskr. maskiner og inventar	1 354,84	
Leie lokale	37 284,00	37 284,00
Reinhald lokale	8 648,00	8 108,00
Lys/varme lokaler	9 334,00	4 841,00
Leie datasystemer	6 473,00	
Utstyr/mater.kjøp/rep	2 852,00	9 117,68
Telefon/datautstyr mm	35 488,20	10 377,00
Arbeidsklær og arbeidsutstyr	1 610,00	3 502,00
Fiskekulturarbeid	88 064,00	73 965,50
Jakt & fiskestatistikk	11 378,00	20 409,99
Friluftsmidler	11 225,50	10 761,40
Snøscooter/elgtrekk	11 544,01	3 390,82
Diverse utgifter	3 051,58	10 625,80
Revisjonshonorar	6 820,00	5 208,00
Regnskapshonorar	36 734,52	30 225,12
Purring fiskekort automat	11 315,00	11 884,16
Annen fremmed tjeneste		5 394,00
Kontorrekvisita	11 139,31	6 359,94
Aviser, tidskrifter, bøker o l	1 946,00	3 212,28
Møte, kurs, oppdatering o l	3 815,00	
Telefon fast	4 803,50	13 182,82
Mobil 952 88 222	5 304,65	3 828,49
Mobil 957 04 838	5 136,02	2 913,08
Telefon fast	9 556,75	
Mobil 450 13 346 sense (sesongopps)	358,91	
Porto	6 056,00	6 943,78
Driftskostn. og av- og nedskrivninger	342 727,79	291 984,86
Annen driftskostnad		
Bil & km godtgj. oppg.pli	40 653,00	40 591,50
Diett/reise utgifter	17 805,00	5 075,00
Diett statens satser	4 600,00	5 800,00
Annen godtgj:motorsag/tlf	9 600,00	7 058,00
Provisjon kortsalg	23 424,85	25 109,00
Provisjon kartsalg		272,18
Annonser	10 942,00	8 108,20
Internett, domene mm	2 079,00	
Kontingent, fradragsberettiget	42 100,00	34 085,00
Tilskott stølsveg	75 000,00	102 732,50
Tilskott almenn.formål	22 296,00	24 435,20
Fellesprosj. friluftsliv		5 500,00
Forsikringspremie	7 891,00	5 046,00
Styre & bedr.forsaml.møte	5 650,00	12 119,00
Bank- og kortgebyr	897,63	741,50
Purregebyr kunder/leverandør	20,00	20,00
Administrasjonsavgift jakt mm	12 650,60	
Tap på fordringer		3 930,00
Annen driftskostnad	275 609,08	280 623,08

Driftsresultat	-110 625,47	-121 046,12
Renteinntekt bank	-287,00	-10 428,00
Nedskr. andr. finans.omlø		212 497,00
Rentekostnad bank		12,00
Rentekostnad leverandører	16,00	75,00
Ordinært resultat før skattekostnad	-110 896,47	81 109,88
Ordinært resultat	-110 896,47	81 109,88
Årsresultat	-110 896,47	81 109,88
Årsresultat	110 896,47	-81 109,88

Balanse

Kontonavn	Regnskap år 2004	Regnskap år 2003
EIENDELER		
Lager Vaset	200 000,00	200 000,00
Snøscooter Polaris 800 Svitchb.	70 000,00	
Aksjer	1,00	1,00
Valdres utmarkskontor	1,00	1,00
Langs. fordr. fosa as	1,00	1,00
Anleggsmidler	270 003,00	200 003,00
Lager kart	32 000,00	52 000,00
Kundefordringer	41 944,20	131 738,79
Negativ lønn	1 280,00	
Opptj. ikke fakt. dr.innt	0,00	753,00
Tilskott MM statskog	45 126,00	
Oppsyn & jaktkort	0,00	1 200,00
Lønnskorrigerings	0,00	26 484,40
Manglende bilag til uttak	0,00	1 000,65
2153.07.04561 driftskonto	374 871,19	147 588,06
2153.60.04669 kapitalkont	131,44	19 584,44
2153.07.08567 oppdragskto	13 678,68	8 060,88
2153.52.26269 jaktkort	108,00	833,01
2153.52.26226 fiskekort	132,00	567,00
Bankinnskudd for skattetrekk	67 491,00	39 789,00
Omløpsmidler	576 762,51	429 599,23
Eiendeler	846 765,51	629 602,23
EGENKAPITAL OG GJELD		
Annen egenkapital	-548 562,19	-438 163,72
Opptjent egenkapital	-548 562,19	-438 163,72
Egenkapital	-548 562,19	-438 163,72
Leverandørgjeld	-25 417,00	-60 830,50
Forskuddstrekk	-68 771,00	-44 757,00
Fagforeningskontingent	0,00	498,00

Utgående merverdiavgift, høy sats	-45 469,70	0,00
Inngående merverdiavgift, høy sats	9 881,33	0,00
Oppgjørskonto merverdiavgift	0,37	-1 858,00
Skyldig/betalt arbeidsgiveravgift	-16 860,00	-13 156,00
Påløpt arbeidsgiveravgift	-3 667,00	-3 213,00
Skyldig lønn	-630,00	0,00
Utlegg tilsette	-100,00	-2 979,51
Tilsette utbet. for mye	4 048,00	4 048,00
Skyldige feriepenger	-57 745,32	-50 498,00
Periodisert lønn	0,00	-15 960,00
Påløpt kostnad	-6 473,00	
Avsetning tilskott veg	-75 000,00	-2 732,50
Avsetning andre tilskott	-12 000,00	
Kortsiktig gjeld	-298 203,32	-191 438,51
Gjeld	-298 203,32	-191 438,51
Egenkapital og gjeld	-846 765,51	-629 602,23

Valdres kommunerevisjon

Til
Styret i Vestre Slidre Fjellstyre

REVISJONSBERETNING FOR 2004


Vi har revidert årsregnskapet for Vestre Slidre Fjellstyre for regnskapsåret 2004, som viser et regnskapsmessig overskudd på kr 110.896,47 og en egenkapital på kr 548.562,19. Årsregnskapet består av resultatregnskap og balanse med noter. Årsregnskapet er avgitt av styret. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold, i henhold til kravene om regnskapsføring med mer i Lov om utnyttning av rettar og lunnende i statsallmenning m.m. av 6juni 1975 nr. 31 (Fjellogen) og tilhørende forskrifter.

Vi har utført revisjonen i samsvar med Fjellogen av 6.juni 1975, forskrift om delegering av myndighet etter fjellogen av 1.juli 1995, Statskogs rundskriv 1/2003 og god revisjonsskikk i Norge. God revisjonsskikk krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av lov, forskrifter og god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av fjellstyrets økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener

- at årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrift og gir ett uttrykk for fjellstyrets økonomiske stilling 31. desember 2004 og for resultatet i regnskapsåret i Norge
- at fjellstyrets tilskudd til allmenntilgunnende formål er i henhold til gjeldende bestemmelser
- at ansatte/engasjert personell har ført timelister i henhold til gjeldende bestemmelser
- at kostnader knyttet til arbeidsoppgaver som gir grunnlag for tilskudd går klart fram av fjellstyrets regnskap eller noter til regnskapet
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger

Fagernes 31.03.05


Aage Sandsengen
revisjonssjef / registrert revisor